

# EØS-ORGANER

2014/EØS/61/01

## EØS-KOMITEEN

### KOMMISJONSDIREKTIV 2008/124/EF

av 18. desember 2008

om avgrensning av markedsføringa av frø frå visse artar av fôrvekstar og olje- og fibervekstar til frø som er offisielt sertifiserte som «basisfrø» eller «sertifiserte frø»

(kodifisert utgåve)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 66/401/EØF av 14. juni 1966 om markedsføring av frø fra fôrvekster<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 3 nr. 3,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/57/EF av 13. juni 2002 om markedsføring av frø fra olje- og fibervekster<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 3 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsdirektiv 86/109/EØF av 27. februar 1986 om begrensning av markedsføringen av frø fra visse artar fôrvekster, oljevekster og fibervekster til frø som er offisielt klassifisert som «basisfrø» eller «sertifiserte frø»<sup>(3)</sup> er vorte monaleg endra ei rekkje gonger<sup>(4)</sup>. Av omsyn til klarleiken og av praktiske grunnar bør det nemnde direktivet kodifiserast, saman med kommisjonsdirektiv 75/502/EØF av 25. juli 1975 om begrensning av markedsføringen av frø fra engrapp (*Poa pratensis* L.) til frø som er offisielt klassifisert som «basisfrø» eller «sertifiserte frø»<sup>(5)</sup>, ved å samle dei i ein tekst.
- 2) Etter direktiv 66/401/EØF er det tillate å marknadsføre basisfrø, sertifiserte frø og handelsfrø frå visse artar av fôrvekstar.
- 3) Etter direktiv 2002/57/EØF er det tillate å marknadsføre basisfrø, sertifiserte frø av alle slag og handelsfrø frå visse artar av olje- og fibervekstar.
- 4) Begge direktiva gjev Kommisjonen løyve til å forby marknadsføring av frø, med mindre frøa er vortne offisielt sertifiserte som «basisfrø» og «sertifiserte frø».
- 5) Medlemsstatane kan produsere tilstrekkeleg med basisfrø og sertifiserte frø til å tilfredsstille etterspurnaden innanfor Fellesskapet etter frø frå fleire av dei artane som er nemnde ovanfor, med frø frå dei nemnde kategoriane.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 340 av 19.12.2008, s. 73, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 77/2009 av 3. juli 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 56 av 22.10.2009, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEF 125 av 11.7.1966, s. 2298/66.

<sup>(2)</sup> TEF L 193 av 20.7.2002, s. 74.

<sup>(3)</sup> TEF L 93 av 8.4.1986, s. 21.

<sup>(4)</sup> Sjå vedlegg I del A.

<sup>(5)</sup> TEF L 228 av 29.8.1975, s. 26.

6) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk.

7) Dette direktivet rører ikkje ved dei pliktene som medlemsstatane har med omsyn til fristane for innarbeiding i nasjonal lovgjeving av dei direktiva som er nemnde i vedlegg I del B —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

#### Artikkel 1

1. Medlemsstatane skal fastsetje at omsetning av frø frå

— <i>Poa pratensis</i> L.	Engrapp
— <i>Vicia faba</i> L. ( <i>partim</i> )	Bønnevikke
— <i>Papaver somniferum</i> L.	Opiumvalmue
— <i>Agrostis gigantea</i> Roth	Storkvein
— <i>Agrostis stolonifera</i> L.	Krypkvein
— <i>Phleum bertolonii</i> DC	Villtimotei
— <i>Poa palustris</i> L.	Myrrapp
— <i>Poa trivialis</i> L.	Markrapp
— <i>Lupinus albus</i> L.	Kvitlupin
— <i>Brassica juncea</i> (L.) Czernj. et Cosson	Sareptasennep
— <i>Agrostis capillaris</i> L.	Engkvein
— <i>Lotus corniculatus</i> L.	Tiriltunge
— <i>Medicago lupulina</i> L.	Snigelbelg
— <i>Trifolium hybridum</i> L.	Alsikekløver
— <i>Alopecurus pratensis</i> L.	Engreverumpe
— <i>Arrhenatherum elatius</i> (L.) Beauv. ex J. S. et K. B. Presl	Hestehavre
— <i>Bromus catharticus</i> Vahl	Byfaks
— <i>Bromus sitchensis</i> Trin.	Alaskafaks
— <i>Lupinus luteus</i> L.	Gul-lupin

— <i>Lupinus angustifolius L.</i>	Smallupin
— <i>Poa nemoralis L.</i>	Lundrapp
— <i>Trisetum flavescens (L.) Beauv.</i>	Gullhavre
— <i>Phacelia tanacetifolia Benth.</i>	Honningurt
— <i>Sinapis alba L.</i>	Kvitsennep
— <i>Agrostis canina L.</i>	Hundekvein
— <i>Festuca ovina L.</i>	Sauesvingel
— <i>Trifolium alexandrinum L.</i>	Aleksandrinarløver
— <i>Trifolium incarnatum L.</i>	Blodkløver
— <i>Trifolium resupinatum L.</i>	Persarkløver
— <i>Vicia sativa L.</i>	Fôrvikke
— <i>Vicia villosa Roth</i>	Lodnevikke

ikkje kan tillatast med mindre dei er offisielt klassifiserte som «basisfrø» eller «sertifiserte frø».

2. Medlemsstatane skal fastsetje at frø frå

— <i>Glycine max (L.) Merr.</i>	Soyabønne
— <i>Linum usitatissimum L.</i>	Oljelin

ikkje kan marknadsførast med mindre frøa er offisielt klassifiserte som «basisfrø», «sertifiserte frø av første generasjon» eller «sertifiserte frø av andre generasjon».

*Artikkel 2*

Direktiv 75/502/EØF og direktiv 86/109/EØF, endra ved det direktivet som er oppført i vedlegg I del A, vert oppheva, utan at det rører ved dei pliktene som medlemsstatane har med omsyn til fristane for innarbeiding i nasjonal lovgjeving av dei direktiva som er nemnde i vedlegg I del B.

Tilvisingar til dei oppheva direktiva skal forståast som tilvisingar til dette direktivet og lesast slik det er vist i jamføringstabellen i vedlegg II.

*Artikkel 3*

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*Artikkel 4*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 18. desember 2008.

*For Kommisjonen*

José Manuel BARROSO

*President*

## VEDLEGG I

## DEL A

**Oppheva direktiv med liste over kronologiske endringar**

(nemnde i artikkel 2)

Kommisjonsdirektiv 75/502/EØF	(TEF L 228 av 29.8.1975, s. 26)
Kommisjonsdirektiv 86/109/EØF	(TEF L 93 av 8.4.1986, s. 21)
Kommisjonsdirektiv 89/424/EØF	(TEF L 196 av 12.7.1989, s. 50)
Kommisjonsdirektiv 91/376/EØF	(TEF L 203 av 26.7.1991, s. 108)

## DEL B

**Liste over fristar for innarbeiding i nasjonal lovgjeving**

(nemnde i artikkel 2)

Direktiv	Frist for innarbeiding
75/502/EØF	1. juli 1976
86/109/EØF	1. juli 1987 (artikkel 1) 1. juli 1989 (artikkel 2) 1. juli 1990 (artikkel 2a) 1. juli 1991 (artikkel 3 og 3a)
89/424/EØF	1. juli 1990
91/376/EØF	1. juli 1991

## VEDLEGG II

**Jamføringstabell**

Direktiv 75/502/EØF	Direktiv 86/109/EØF	Dette direktivet
Artikkel 1	Artikkel 1 nr. 1	Artikkel 1 nr. 1
	Artikkel 1 nr. 2	Artikkel 1 nr. 2
	Artikkel 2	Artikkel 1 nr. 1
	Artikkel 2a	Artikkel 1 nr. 1
	Artikkel 3	Artikkel 1 nr. 1
	Artikkel 3a nr. 1	Artikkel 1 nr. 1
	Artikkel 3a nr. 2–6	—
Artikkel 2	Artikkel 4	—
—	—	Artikkel 2
—	—	Artikkel 3
Artikkel 3	Artikkel 5	Artikkel 4
—	—	Vedlegg I
—	—	Vedlegg II